



Anders Haugland AS
Radøyvegen 239
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/974 - 19/20817

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
27.06.2019

Innkalling til tilsyn oljeutskiljar - Gbnr 188/187- Bruvegen 3, Gjervik Ytre.

Teknisk drift syner til vårt brev av 21.03.2019 der vi etterlyser årsrapport for oljeutskiljar ved Bruvegen 3 for driftsår 2018. Vi kan, per dags dato, ikkje sjå å ha motteke årsrapport for anlegg 2018.

Historikk:

I årsrapport for 2017 vart det registrert for høgt utslepp av oljehaldig avløpsvatn til kommunal avløpsnett. Vi informerte Fixbil Knarvik om dette og ba dei finne ut følgjande:

- om anlegg er for lite,
- om anlegg er for gammalt, eller
- om det er andre feil som gjer at utslepp vert for høgt.

Vi fekk ingen tilbakemelding på dette og kalla derfor Dykk som abonnent på avløpstenester inn til tilsyn i Desember 2017. Etter dette er det ikkje sendt inn dokumentasjon på at anlegg stettar krav til utslepp.

Innkalling til nytt tilsyn:

Teknisk drift viser til tidlegare korrespondanse og førehandsvarsel om tilsyn i brev datert 21.03.2019. Vi ser no behov for tettare oppfølging av anlegg og kaller derfor inn til nytt tilsyn.

Dato for tilsyn er satt til: **Onsdag 14.08.2019 kl. 10.00 på Rådhuset i Knarvik**

I løyve til å knytte oljeutskiljar på kommunalt avløpsnett er det sett krav om 1 tømning av anlegg per år og 1 analyseprøve av utsleppsvatn som skal vise at anlegg stettar krav til utslepp. Det er krav om at denne dokumentasjonen sendast inn til kommunen i form av årsrapport. Kommunen skal også ha kopi av gyldig tømmeavtale mellom Fixbil Knarvik og godkjent tømmeoperatør. Kommunen har kopi av avtale mellom Ragn Sells og Viken Auto. Avtale mellom Ragn Sells og Fixbil Knarvik ligg ikkje føre.

Førehandsvarsel om tiltak

Lindås kommune starta opp tilsyn av anlegg i Desember 2017. Vi ser nå at det er behov for å følgje anlegg tettare opp for å få inn nødvendig dokumentasjon av anlegg. Lindås kommune gir nå eit førehandsvarsel om igangsetting av moglege tiltak for å få på plass nødvendige rapporteringsrutiner for anlegg i Bruvegen 3. Førehandsvarsel om moglege tiltak vert gitt iht forvalningslova § 16.



Tiltak som kommunen nå vurderer:

- Lindås kommune kan ilegge abonnenten eit tilleggsgjebyr på 50% av avløpsgjebyr. Dette gjebyret kan Lindås kommune, iht gjebyrforakriften, fakturere abonnenten kvart kvartal. Tilleggsgjebyr løper inntil forhold er retta opp.
- « Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser» kapitel 1, punkt 1.5 gjev kommunen heimel til å stengje vasstilførsel til eigedom dersom abonnenten/abonnenten sin leigetakar ikkje overheld abonnementsvilkåra og vilkår som er direkte heimla i lover og forskrifter. Kommunen kan halde vasstilførsel stengt til forhold er retta opp.

Lindås kommune har heimel i forureningsforakrifta kap.15 og «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser» til å krevje oljeutskiljar ved verskemder som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn til kommunalt avløpsnett. Kommunen krev, i løyve til å ha anlegg knytt på kommunalt nett, årleg innsending av dokumentasjon på at anlegg stettar krav til utlepp.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anders Haugland AS

Radøyvegen 239 5911

ALVERSUND